



KONTROLLUTVALET FOR RADØY KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

Møtedato: 22.09.2015
Stad: Kommunehuset
Kl.: 09.00 – 12.45
Tilstade: Arild Tveranger – leiar, Astrid Nordanger – nestleiar, Oddmund Skjelvik, Eva Karin Klausen og Jan Tore Hvidsten
Innkalla: Rådmann Jarle Landås, Einingsleiar Radøy Velferdssenter Anne Berge Brattetaule og sekretær/rekneskapsfører Linda Bertelsen Knudsen til sak 30/15, kommunalsjef drift og forvaltning Lisbeth Alvær til sak 31/15
Revisjon: Reidar Bjørsvik og Randi Rykkje
Sekretær: Tonje Husum Aarland
Forfall:

.....
26/15 Godkjenning av innkalling og saksliste

Samrøystes vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

27/15 Godkjenning av møteutskrift

Samrøystes vedtak:

Møteutskrift 15.09.14 vart godkjent.

28/15 Skriv og meldingar

- Kommunestyret vil behandle kontrollutvalet sitt vedtak i sak 23/15 i kommunestyremøtet 22. oktober.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til etterretning.

29/15 Barnevernstenesta i Radøy kommune

Saksvedlegg: Vedtak i kontrollutvalet sak 23/15

Rådmann Jarle Landås orienterte og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet omkring barnevernstenesta i Radøy kommune.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takka for orienteringa.

30/15 Oppfølging av revisjonsmelding om pasientrekneskap

Saksvedlegg: Melding om oppdatert prosedyre (ettersendt og lagt fram i møtet)

Einingsleiar Anne Berge Brattetaule og sekretær/rekneskapsfører Linda Bertelsen Knudsen orienterte om saka.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takka for orienteringa.

31/15 Prosjektrekneskap Olsvollstranda

Saksvedlegg: Revisjonsuttale av prosjektrekneskapet Olsvollstranda (vart lagt fram i møtet).

Rådmann Jarle Landås og kommunalsjef Lisbeth Alvær møtte til saka.

Revisjonen la fram revidert prosjektrekneskap til Olsvollstranda. Rådmann Jarle Landås og kommunalsjef Lisbeth Alvær kommenterte og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takka for god gjennomgang og tok orienteringa til etterretning.

32/15 Forvaltningsrevisjonsrapport – Nav og ressursbruk

Saksvedlegg: Forvaltningsrevisjonsrapport «Nav – Ressursbruk og rutinar for oppfølging av mottakarar av sosial stønad i Radøy kommune»

Revisjonen presenterte forvaltningsrevisjonsrapporten i møtet.

Problemstillingane som vart lagt til grunn var:

- 1) Korleis er ressursbruken i NAV Radøy samanlikna med eit utval andre kommunar og korleis er ressursane fordelt i høve til tenester og oppgåver som følgjer av lova og formålet med lova?
- 2) Har NAV Radøy eit system for å sikra oppfølging av langtidsmottakarar?

Revisjonen peika i rapporten på at «ressursfordelinga er lite hensiktsmessig i forhold til å sikra formålet med lova» (s. 3, samandrag):

- *NAV Radøy er lågare bemanning enn gjennomsnittet i samanlikninga, samstundes som det er dette kontoret som har flest stønadsmottakarar pr. sakshandsamar.*
- *Nærare 80% av driftsutgiftene er nytta til økonomisk sosialhjelp, mens i underkant av 20% av driftsutgiftene er nytta til førebyggjande og rehabiliterande tiltak.*
- *Systemet sikrar ikkje at kartlagd informasjon og vurderingar av bistandsbehovet og omfanget av dette, vert dokumentert. Systemet har eit sterkt fokus på arbeidsrette tiltak, medan fokuset på sosialfaglege tiltak er svakare.*
- *Systemet sikrar ikkje at det vert gjeve informasjon om individuell plan til stønadsmottakarar med behov for langvarig og koordinerte tenester, og såleis*

ikkje at individuelle planar vert utarbeidd for stønadsmottakarar som kan ha ønskje og behov for tenesta.

I rapporten er der følgjande tilrådingar:

- *NAV Radøy bør utarbeida rapporteringsrutinar som sikrar tilstrekkeleg og presis styringsinformasjon om ressursbruken og ressursbehovet i sosialtenesta, og rapportera styringsinformasjon til kommuneleiinga.*
- *NAV Radøy bør vurdere kva som er ei hensiktsmessig ressursfordeling i NAV Radøy, og sikra at ressursar vert fordelte i tråd med denne vurderinga.*
- *NAV Radøy bør sikra at rutinar for å kartlegga og vurdere stønadsmottakar sine behov, sikrar at det vert tatt stilling til om bistandsbehovet er midlertidig eller langvarig, og at tenestetilbodet vert tilpassa til dette.*
- *NAV Radøy bør kartlegga kva bistandsbehov som er blant langtidsmottakarane, og vurdere kva tiltak som er relevante og aktuelle å ta i bruk i sosialtenesta.*
- *NAV Radøy bør sikra at vilkår som vert brukt er knytt opp til stønadsmottakar sitt bistandsbehov for å klara overgangen til arbeid og sosial inkludering.*
- *NAV Radøy bør utarbeida skriftlege rutinar for oppfølging av vilkår som er sett i vedtak om tildeling av økonomisk sosialhjelp.*
- *NAV Radøy bør utarbeida rutinar som sikrar at det vert gjeve informasjon om individuell plan til stønadsmottakarar med behov for langvarige og koordinerte tenester.*

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar.

Kontrollutvalet ber om at rådmann kjem med tilbakemelding til kommunestyret innan juni 2016 av administrasjonen sin oppfølging av rapporten.

Kontrollutvalet sitt forslag til vedtak i kommunestyret:

Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar.

Kommunestyret ber om at rådmann kjem med tilbakemelding til kommunestyret innan juni 2016 av administrasjonen sin oppfølging av rapporten.

33/15 Oppsummering av perioden til kontrollutvalet

Saksvedlegg: Utkast til oppsummering av perioden.

Kontrollutvalet er ferdig med ein 4-års periode og skal legge fram ei oppsummering av denne for kommunestyret.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet godkjenn oppsummeringa av perioden slik den ligg føre. Denne skal leggest fram for kommunestyret på neste kommunestyremøte.

34/15 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval


Samrøystes vedtak:


Kontrollutvalet hadde ingen kommentarar.

35/15 Eventuelt

Dette er siste møte til kontrollutvalet i denne perioden. Kontrollutvalet takkar for godt samarbeid og ønskjer det nye kontrollutvalet lykke til.

Manger, 22. september 2015


Arild Tveranger/leiar


Tonje Husum Aarland/sekretær